# SELJE KOMMUNE
Driftsutvalet

/

# Møtebok

**Møtedato:** 24.06.2013 **Møtetid:** Kl. 11:00 – 12:45

**Møtested:** Kommunehuset, 2. etg. **Saksnr.:** 028/13 - 035/13

**Følgjande medlemmer møtte**

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Stine Aase Myhre, Terje Ødegård.
FRP: Marit Swensen, Svein Hansen. H: Eva Janne T. Årvik

**Følgjande medlemmer møtte ikkje**

Ingen

**Følgjande varamedlemmer møtte**

Ingen

**Følgjande frå administrasjonen møtte**

Sakshandsamar Gry O. Leikanger, konstituert leiar Plan og Utvikling Kristian Nave, som og førte møteboka

**Merknad til innkallinga**

Ingen

**Merknad til saklista**

Ingen

Merknad:
Marit Swensen ønsker at møter kan holdast på dei ulike einingane.
Driftsutvalet er samde om å lage ein plan over møte på einingane.

Møtedeltaking: 7 voterande

# Følgjande saker vart handsama

| Sak nr. | Sakstittel |
|---|---|
| 028/13 | Godkjenning av møtebok |
| 029/13 | Delegasjonssaker |
| 030/13 | Referatsaker |
| 031/13 | SMIL 2013 - Søknad om tilleggsløyving - Daniel A. Kupen |
| 032/13 | SMIL 2008 - Søknad om tillegsløyving - Bodil Van Der Branden |
| 033/13 | SMIL 2013 - Søknad om tilleggsløyving - Magnar Hatlenes |
| 034/13 | SMIL 2013 - Søknad om tillegsløyving - Jan Petter Hoddevik |
| 035/13 | Hjortejakta 2013 - Fellingsløyver og fellingsavgift |

**Tilleggsaker:** Ingen

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar
**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:**___________________________

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 028/13 |

| **Sakshandsamar:**<br>**Unni Eltvik Hovden** | **Arkiv:**<br>**FE-** | **Arkivsaknr**<br>13/415 |
|---|---|---|

## Godkjenning av møtebok

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:**

Møteboka frå møte 23.05.13 vert godkjent slik den ligg føre.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 voterande

**KU-028/13 VEDTAK**
Møteboka frå møte 23.05.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 029/13 |

| Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden | Arkiv: FE- | Arkivsaknr 13/413 |
|---|---|---|

## Delegasjonssaker

**DKU. 032/13: Gbnr.35/21 - Byggsak - Antennemast - Telenor Norge AS**

**DKU. 040/13: Gbnr.63/9 - Byggsak - Tilbygg - Bjørn Inge Berge**

**DKU. 041/13: Gbnr. 59/49 - Byggsak - Garasje - Rudi Flister**

**DKU. 042/13: Gbnr. 17/15 - Byggsak - Tilbygg renseanlegg - Selje kommune**

**DKU. 044/13: Gbnr. 65/6 - Byggsak - Påbygg bustadhus - Kristi og Bjørn Wold**

**DKU. 051/13: Gbnr. 69/32 - Byggsak - Altan - Geir Håkon Andersen**

**DKU. 053/13: Gbnr. 89/160 - Byggsak - Uthus - Asgeir Flataker**

**DKU. 057/13: Gbnr. 45/62 - Byggsak - Bustadhus/Garasje - Vebjørn Ervik**

**DKU. 059/13: Gbr.24/77 - Byggsak - Tak - Furebuda Eiendom AS**

**DKU. 061/13: Gbnr. 13/34 - Byggsak - Garasje - Ove G. Aarsheim**

**DKU. 064/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Rev - Kåre Runderheim**

**DKU. 066/13: Gbnr. 89/11, 62 - Avkøyrsle bustad - Espen Kvernevik**

**DKU. 068/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Rev - Sigmund Rønning**

**DKU. 070/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Rev - Åge Nygård**

**DKU. 071/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Gås - Åge Nygård**

**DKU. 073/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Gås - Leif Magne Berge**

**DKU. 076/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Hjort - Ingmar Solvåg**

**DKU. 077/13: Gbnr 89/26 - Delingssak - Egil Per Flataker - handsaming etter jordlova**

**DKU. 078/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Gås - Gunnar Aarsheim og Steinar Wold**

**DKU. 079/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Hjort - Magnar Hatlenes**

**DKU. 080/13: Avløysartilskot ferie og fritid - manuell utbetaling - Helge Dalsbø, gbnr. 40/2**

**DKU. 085/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Rev - Sigmund Rønning**

**DKU. 086/13: Fritak frå renovasjonsavgift - gbnr 17/14 - Fritidsbustad**

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 voterande

Merknad:
Unngå bruk av forkortingar i saksutgreiingane.

**KU-029/13 VEDTAK**
Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 030/13 |

| **Sakshandsamar:** Unni Eltvik Hovden | **Arkiv:** FE- | **Arkivsaknr** 13/414 |
|---|---|---|

## Referatsaker

**Refererte skriv og meldingar:**

| Nr | Dok.ID | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 13/2684 | I | 22.05.2013 | Klima for forurensnings direktoratet | Høring av endring av forurensningsforskriften kapittel 20 |
| 2 | 13/2679 | U | 23.05.2013 | nve@nve.no | Flomberegning - rappport - Til godkjenning. |
| 3 | 13/3001 | U | 11.06.2013 | Til den det måtte gjelde | Kaigebyr, Selje gjestehamn |
| 4 | 13/3054 | U | 13.06.2013 | Hmaskin@online.no | Anskaffelsesprotokoll |
| 5 | 13/1561 | U | 22.03.2013 | Statens Vegvesen | ASV-2013, Bygging av gang- og sykkelveg på Stadlandet, 4. etappe. |
| 6 | 13/3073 | U | 13.06.2013 | Driftsutvalet | Skade, Vestkappvegen - Omdisponering av midlar |

**Tilleggsreferat:**

**<u>TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN</u>**

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 voterande

**KU-030/13 VEDTAK**

Referatsak 1-6 vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 031/13 |

| **Sakshandsamar** | **Arkiv** | **Arkivsak** |
|---|---|---|
| Gry Otneim Leikanger | FA-V18 | 13/15 |

## SMIL 2013 - Søknad om tilleggsløyving - Daniel A. Kupen

**Dokumentliste**

| **Nr** | **T** | **Dok.dato** | **Avsender/Mottaker** | **Tittel** |
|---|---|---|---|---|
| 24 | S | 06.05.2013 | | SMIL 2013 - Handsaming av søknader |
| 26 | I | 15.05.2013 | Sakshandsamar | Tabell for tildeling av SMIL-midlar 2013 |
| 30 | I | 13.06.2013 | Tor Ivar Østreng | SMIL 2013 - Gbnr 74/15 - Tor Ivar Østreng |
| 29 | I | 13.06.2013 | Tor Ivar Østreng | SMIL 2013 - Gbnr 74/2 - Tor Ivar Østreng |
| 31 | I | 20.06.2013 | Ronald Haaland | SMIL 2013 - Gbnr. 25/4 - Ronald Haaland |

### Saka gjeld

Selje kommune har hatt gjennomgang av godkjende søknadar med utgått arbeidsfrist. I brev datert 18.02.2013, varsla kommunen inndraging av alle tilskot løyvde i 2007 og bakover i tid jf. Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 3, fjerde ledd:

*Det kan settes vilkår for innvilging av tilskudd til det enkelte prosjekt eller tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er tre år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje utover fem år frå tilskuddet ble innvilget.*

Det ligg føre søknad om tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 81/1 på Flatraket i Selje kommune.

### Opplysningar til saka

Det omsøkte prosjektet er eit kulturlandskapstiltak som vart langt meir omfattande enn søkjar såg føre seg då han søkte, og har difor teke lenger tid å ferdigstille. Målet med prosjektet er å setje opp gjerde langs veg og rydde langs denne gjerdetraseen for å halde dyra i utmarka, slik

at kystlyngheia som er i området vert ivareteken. Om lag 25 % av tildelt løyving – kr. 17000 står att og søkjar ber om å få desse utbetalt ved ferdigstilling i november 2013.

**Lover/regelverk**
FOR 2004-02-04 nr 448: Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jorbruket.

**Finansiering**
SMIL

**Sakshandsamar si vurdering**
Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er jf. Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, å fremme natur- og kulturminne verdiane i naturlandskapet og redusere ureininga frå landbruket, utover det som kan forventast av ordinær jordbruksdrift. Å ta vare på kystlyngheia gjennom styrt beiting er i tråd med Selje kommune sin Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket.

**Konklusjon**
Søknad om tilleggsløyving vert imøtekomen.

**Saksgang**
Saka vert avgjort av driftsutvalet.
Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan tre veker etter at vedtaket er kome fram til parten /-ane.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**
Daniel Andreas Kupen får utbetalt kr.17000,- som tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 81/1 ved ferdigstilling innan 15.november 2013. Prosjektet skal synfarast før utbetaling.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 voterande

**Røysting:**
Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes vedteke.

**KU-031/13 VEDTAK**
Daniel Andreas Kupen får utbetalt kr.17000,- som tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 81/1 ved ferdigstilling innan 15.november 2013. Prosjektet skal synfarast før utbetaling.

Samrøystes.

Utskrift til:
Søkjar
Økonomiavd.
Revisor

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 032/13 |

| **Sakshandsamar** | **Arkiv** | **Arkivsak** |
|---|---|---|
| Gry Otneim Leikanger | FA-V18 | 12/23 |

## SMIL 2008 - Søknad om tillegsløyving - Bodil Van Der Branden

**Dokumentliste**

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | U | 03.01.2012 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Landbruksavd. | SMIL 2008 - Utbetalingskort - Sverre Hoddevik |
| 3 | I | 22.02.2013 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Landbruksavd. | SMIL 2008 - Utbetalingskort - Sverre Julius Hoddevik |
| 2 | U | 25.02.2013 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | SMIL - Istandsetjing av sjøhus i Hoddevik - Utbetaling |
| 4 | I | 13.05.2013 | Bodil Van der Branden | SMIL 2008 - Gbnr - Bodil Van der Branden |

### Saka gjeld

Selje kommune har hatt gjennomgang av godkjende søknadar med utgått arbeidsfrist. I brev datert 18.02.2013, varsla kommunen inndraging av alle tilskot løyvde i 2007 og bakover i tid jf. Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 3, fjerde ledd:

*Det kan settes vilkår for innvilging av tilskudd til det enkelte prosjekt eller tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er tre år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje utover fem år frå tilskuddet ble innvilget.*

Søkjar vart i dette brevet informert om dispensasjonsreglane jf. § 8 i føreskrifta og høvet til å søkje om tilleggsløyving for påbegynt prosjekt gjennom ordinær søknad.
Det ligg føre søknad om tilleggsløyving for istandsetjing av Skjånesbuda i Keila på Flatraket.

### Opplysningar til saka

Det omsøkte prosjektet er eit kulturminnetiltak der målet er å setje i stand ei sjøbud etter gamal gamal byggeskikk. Søknaden vart i mai 2008 imøtekomen med ei løyving på kroner

42.000,-. Av ulike årsaker stoppa prosjektet opp, men no har søkjar sett i gang restaureringsarbeidet og vil gjere mykje av arbeidet denne sommaren.

**Lover/regelverk**
FOR 2004-02-04 nr 448: Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

**Finansiering**
SMIL

**Sakshandsamar si vurdering**
Føremålet med ordninga om SMIL er jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket, å fremme natur- og kulturminneverdiane i naturlandskapet og redusere ureininga frå landbruket , utover det som kan forventast av ordinær jordbruksdrift.
Istandsetjing av gamal sjøbud er i tråd med Selje kommune sin Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket.

**Konklusjon**
Søknad om tilleggsløyving vert imøtekomen.

**Saksgang**
Saka vert avgjort av driftsutvalet.
Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan tre veker etter at vedtaket er kome fram til parten /-ane.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**
Bodil Van Der Branden får utbetalt kroner 42.000,- som tilleggsløyving for tiltak på Skjånesbuda i Keila på Flatraket. Prosjektet skal synfarast før beløpet kan utbetalast.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 voterande

**Framlegg frå Driftsutvalet:**
Som tilrådinga med fylgjande tillegg:
Fristen for arbeidet er 1. august 2014

**Røysting:**
Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for
Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster for. Samrøystes vedteke.

**KU-032/13 VEDTAK**
Bodil Van Der Branden får utbetalt kroner 42.000,- som tilleggsløyving for tiltak på Skjånesbuda i Keila på Flatraket. Prosjektet skal synfarast før beløpet kan utbetalast.
Fristen for arbeidet er 1. august 2014

Samrøystes.

Utskrift til:
Søkjar
Økonomiavd.
Revisor

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 033/13 |

| **Sakshandsamar** | **Arkiv** | **Arkivsak** |
|---|---|---|
| Gry Otneim Leikanger | FA-V18 | 13/15 |

## SMIL 2013 - Søknad om tilleggsløyving - Magnar Hatlenes

**Dokumentliste**

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 24 | S | 06.05.2013 | | SMIL 2013 - Handsaming av søknader |
| 26 | I | 15.05.2013 | Sakshandsamar | Tabell for tildeling av SMIL-midlar 2013 |
| 30 | I | 13.06.2013 | Tor Ivar Østreng | SMIL 2013 - Gbnr 74/15 - Tor Ivar Østreng |
| 29 | I | 13.06.2013 | Tor Ivar Østreng | SMIL 2013 - Gbnr 74/2 - Tor Ivar Østreng |
| 31 | I | 20.06.2013 | Ronald Haaland | SMIL 2013 - Gbnr. 25/4 - Ronald Haaland |

### Saka gjeld

Selje kommune har hatt gjennomgang av godkjende søknadar med utgått arbeidsfrist. I brev datert 18.02.2013, varsla kommunen inndraging av alle tilskot løyvde i 2007 og bakover i tid jf. Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 3, fjerde ledd:

*Det kan settes vilkår for innvilging av tilskudd til det enkelte prosjekt eller tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er tre år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje utover fem år frå tilskuddet ble innvilget.*

Søkjar vart i dette brevet informert om dispensasjonsreglane jf. § 8 i føreskrifta og høvet til å søkje om tilleggsløyving for påbegynte prosjekt gjennom ordinær søknad.
Det ligg føre søknad om tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 69/1,4 på Hatlenes i Selje kommune.

**Opplysningar til saka**

Det omsøkte prosjektet er eit kulturlandskapstiltak der målet er å restaurere gamal kulturmark. Tiltaket vil bli ferdigstilt ved utgangen av august 2013 og tiltakshavar ber om å få dei løyvde 8100 kronene utbetalt ved ferdigstilling.

**Lover/regelverk**
FOR 2004-02-04 nr 448: Forskrift for spesielle miljøtiltak i jordbruket.

**Finansiering**
SMIL

**Sakshandsamar si vurdering**
Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er jf. føreskrifta, å fremme natur- og kulturminneverdiane i naturlandskapet og redusere ureininga frå landbruket, utover det som kan forventast av ordinær jordbruksdrift. Å restaurere gamal kulturmark er i tråd med Selje kommune sin Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket.

**Konklusjon**
Søknad om tilleggsløyving vert imøtekomen.

**Saksgang**
Saka vert avgjort av Driftsutvalet.
Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan tre veker etter at vedtaket er kome fram til parten /-ane.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**
Magnar Hatlenes får utbetalt kr. 8100,- som tillegsløyving for påbegynt prosjekt ved ferdigstilling innan utgangen av august 2013. Prosjektet skal synfarast før utbetaling.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 voterande

**Røysting:**
Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes vedteke.

**KU-033/13 VEDTAK**
Magnar Hatlenes får utbetalt kr. 8100,- som tillegsløyving for påbegynt prosjekt ved ferdigstilling innan utgangen av august 2013. Prosjektet skal synfarast før utbetaling.

Samrøystes.

Utskrift til:
Søkjar
Økonomiavd.
Revisor

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 034/13 |

| **Sakshandsamar** | **Arkiv** | **Arkivsak** |
|---|---|---|
| Gry Otneim Leikanger | FA-V18 | 13/15 |

## SMIL 2013 - Søknad om tillegsløyving - Jan Petter Hoddevik

**Dokumentliste**

| **Nr** | **T** | **Dok.dato** | **Avsender/Mottaker** | **Tittel** |
|---|---|---|---|---|
| 24 | S | 06.05.2013 | | SMIL 2013 - Handsaming av søknader |
| 26 | I | 15.05.2013 | Sakshandsamar | Tabell for tildeling av SMIL-midlar 2013 |
| 30 | I | 13.06.2013 | Tor Ivar Østreng | SMIL 2013 - Gbnr 74/15 - Tor Ivar Østreng |
| 29 | I | 13.06.2013 | Tor Ivar Østreng | SMIL 2013 - Gbnr 74/2 - Tor Ivar Østreng |
| 31 | I | 20.06.2013 | Ronald Haaland | SMIL 2013 - Gbnr. 25/4 - Ronald Haaland |

### Saka gjeld

Selje kommune har hatt gjennomgang av godkjende søknadar med utgått arbeidsfrist. I brev datert 18.02.2013, varsla kommunen inndraging av alle tilskot løyvde i 2007 og bakover i tid jf. Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 3, fjerde ledd:

*Det kan settes vilkår for innvilging av tilskudd til enkelte prosjekt og tiltak. Frist for gjennomføring av prosjektet er etter § 4 og tiltak etter § 5 er tre år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge fristen, men ikke utover fem år fra tilskuddet ble innvilget.*

Søkjar vart i dette brevet informert om dispensasjonsreglane jf. § 8 i føreskrifta og høvet til å søkje om tilleggsløyving for påbegynte prosjekt gjennom ordinær søknad.
Det ligg føre søknad om tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 41/1 på Svedhaug i Selje kommune.

**Opplysningar til saka**

Det omsøkte prosjektet er eit kulturminnetiltak der målet er å setje i stand ein gamal låve og uthus etter gamal byggeskikk.
Bygningane skal tene som museum og søkjar har tidlegare fått utbetalt 54.000 kroner av tildelt løyving på totalt 75.000 kroner.
Av ulike årsaker stoppa prosjektet opp, men no har søkjar fullført prosjektet og ber om utbetaling av dei 21.000 kronene som står att.

**Lover/regelverk**
FOR 2004-02-04 nr. 448: Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

**Finansiering**
SMIL

**Sakshandsamar si vurdering**
Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er jf. føreskrifta *å fremme natur- og kulturminneverdiane i naturlandskapet og redusere ureininga frå landbruket, utover det som kan forventast av ordinær jordbruksdrift.*
Å setje i stand gamle bygningar og i tillegg nytte dei som museum er i tråd med Selje kommune sin Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket.

**Konklusjon**
Søknad om tilleggsløyving vert imøtekomen.

**Saksgang**
Saka vert avgjort av driftsutvalet.
Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan tre veker etter at vedtaket er kome fram til parten /-ane.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**
Jan Petter Hoddevik får utbetalt kroner 21.000,- som tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 41/1 på Svedhaug i Selje kommune.
Prosjektet er ferdigstilt og sakshandsamar har vore på synfaring.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 røyster

**Røysting:**
Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes vedteke.

**KU-034/13 VEDTAK**
Jan Petter Hoddevik får utbetalt kroner 21.000,- som tilleggsløyving for påbegynt prosjekt på gbnr. 41/1 på Svedhaug i Selje kommune.
Prosjektet er ferdigstilt og sakshandsamar har vore på synfaring.

Samrøystes.

Utskrift til:
Søkjar
Økonomiavd.
Revisor

# SELJE KOMMUNE

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Driftsutvalet | 24.06.2013 | 035/13 |

| Sakshandsamar | Arkiv | Arkivsak |
|---|---|---|
| Gry Otneim Leikanger | FA-K40 | 13/96 |

## Hjortejakta 2013 - Fellingsløyver og fellingsavgift

**Dokumentliste**

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 6 | I | 23.01.2013 | Helge Dalsbø | Vedk. fellingskvoter 2013 |
| 2 | U | 31.01.2013 | Innbyggjarane i Selje kommune | Fellingskvote og minsteareal |
| 4 | I | 21.02.2013 | Harald Flister | Innspel til høyring |
| 3 | I | 22.02.2013 | Kåre Langenes | Innspel til høyring |
| 7 | I | 13.03.2013 | Barmen grunneigarlag | Innspel til sak 011/13 i Driftsutvalet 14.03.13 |
| 9 | I | 12.06.2013 | Kristian Nave | Tildelte dyr i 2013 - tabell |

**Vedlegg i saka**

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 10.06.2013 | Føreskrift om minsteareal for felling av hjort for.pdf | 44668 |
| 12.06.2013 | Tildelte dyr i 2013.xls | 46591 |

### Saka gjeld

Tildeling av hjorteløyver for jakta 2013 og fastsetjing av fellingsavgift.

### Opplysningar til saka

I dei siste åra har det vore ein større nedgang i hjortebestanden i Selje kommune og sjølv om ein har redusert tildeleingane, ser nedgangen ut til å halde fram. Ved hjortejakta i 2012 var jaktvalda i kommunen tildelt til saman 296 dyr. Fellingsstatestikken syner at jaktvalda felte til saman 142 dyr som utgjer ein fellingsprosent på 48. Som de ser av tabellen nedanfor, har det ikkje vore registrert ein så låg fellingsprosent dei siste ti åra.

| År | Tildelt | Felt | Fellingsprosent |
|---|---|---|---|
| 2003 | 294 | 204 | 69 |
| 2004 | 302 | 230 | 76 |
| 2005 | 306 | 223 | 73 |
| 2006 | 272 | 177 | 65 |
| 2007 | 276 | 198 | 72 |
| 2008 | 288 | 213 | 74 |
| 2009 | 330 | 254 | 77 |
| 2010 | 333 | 203 | 61 |
| 2011 | 311 | 187 | 60 |
| 2012 | 296 | 142 | 48 |

Med heimel i Forskrift for forvaltning av hjortevilt og bever, vart det difor utarbeidd ny lokal føreskrift for fellingskvote og minsteareal i Selje kommune. Føreskrifta vart vedteken i KU 20.03.2013 i sak 019/13 (sjå vedlegg).

Minstearealet i Selje kommune er jf. ny føreskrift 1400 da, med unnatak av Barmen der minstearealet er sett til 700 da. Ved tildeling av fellingsløyve, kan minstearealet fråvikast med 50% jf. Forskrift for hjortevilt og bever § 9. Ut i frå teljande areal til valdet, kan det då tildelast maks. eit løyve pr. 700 da på Barmen og maks. eit løyve pr. 1400 da elles i kommunen.

**Lover/regelverk**
Viltlova med føreskrifter (Forskrift om forvaltning av hjortevilt).

**Sakshandsamar si vurdering**
Viltforvaltninga i Selje kommune skal med heimel i Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) og Forskrift om forvaltning av hjortevilt *legge til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.*

Ny lokal føreskrift gjer det mogleg for viltforvaltninga i kommunen i tildele færre dyr for hjortejakta 2013, slik fellingsstatestikken for 2012 synleggjorde behov for. Samstundes er det slik at det er lokale variasjonar i kommunen. I den sørlege delen av kommunen er det meldt inn til dels store flokkar med hjort, medan det på Ytre Stadlandet framleis er lite dyr. Dette har ein prøvd å teke omsyn til i tildelinga, ved at ein aktivt nyttar høvet til å fråvike minstearealet med 50 % jf. § 9 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

**Konklusjon**
Det vert tildelt løyver jf. vedlagd tabell og ein vil halde på eksisterande fellingsavgift.

**Saksgang**
Saka vert avgjort av Driftsutvalet.
Vedtaket kan påklagast den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kome fram til parten/ -ane.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**
Det vert i 2013 tildelt 174 fellingsløyve der 46 er kalv, 34 er spissbukk, 50 er hanndyr og 44 er hodyr. Fordeling mellom hjortevalda går fram av vedlegg i saka.

Fellingsavgifta for hjort i Selje kommune vert for 2013 kroner 300,- for vaksne og kroner 150,- for kalv.

**Handsaming i Driftsutvalet - 24.06.2013**
7 røyster

**Røysting:**
Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes vedteke.

**KU-035/13 VEDTAK**
Det vert i 2013 tildelt 174 fellingsløyve der 46 er kalv, 34 er spissbukk, 50 er hanndyr og 44 er hodyr. Fordeling mellom hjortevalda går fram av vedlegg i saka.

Fellingsavgifta for hjort i Selje kommune vert for 2013 kroner 300,- for vaksne og kroner 150,- for kalv.

Samrøystes.

Utskrift til:
Jaktvalda v/leiar